



Austrheim kommune  
Stian Marøy  
Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/242 - 23/1734

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
17.02.2023

## Løyve til bygging av fortau på gbnr 149/7 - Nordlibrekka

### Administrativt vedtak. Saknr: 020/23

Vi syner til søknad motteke 15.02.2023

### Vedtak

Det vert gjeve løyve til bygging av omsøkt fortau i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår: 1.Arbeidet kan starta opp når gjennomføringsplan og erklæringsdokument er kome inn frå tildelt entreprenør. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med teikningar godkjent av Vestland fylkeskommune og reguleringsplanen for området.

### Saksutgreiing:

### Tiltak

Søknaden gjeld oppføring av fortau i Nordlibrekka. Tiltakshavar/søkjar skriv følgjande:



### **Beskriving av tiltak**

Det er tenkt etablert fortau langs med fylkesvegen forran sjukeheimen. Fortauet er i tråd med reguleringsplanen sin illustrasjonsplan og teikningane er godkjent av VLFK.

Prosjektets utlysningsskjema er under arbeid og det er ikkje tildelt entreprenør enda. Når entreprenør er på plass, vert det sendt inn gjennomføringsplan og erklæringsdokument for entreprenør.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga.

### **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for området er definert som veganlegg og fortau. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med plan for området.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Kommunen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland.

### **Fråsegn frå andre mynde**

Saka har vore på høyring Vestland fylkeskommune. Dei skriv følgjande den 21.12.2022:

## Notat

Dato: 21.12.2022

Arkivsak: N13 fv. 565 Nordlibrekka fortau/2022/65419

Saksbehandlar: Siren Tydal Eknes

---

Til: Norconsult

---

Frå: Vestland fylkeskommune

---

Godkjenning av tiltak på FV 565 Austrheim vegen i Austrheim kommune.

Vestland fylkeskommune godkjenner med dette teikningar for tiltak på FV 565. Teikningane det gjelder er:

- C001, rev D01 datert 25.10.2022
- F001, rev D01 datert 25.10.2022
- JL001, rev D01 datert 25.10.2022. Godkjenninga gjeld J delen av teikninga. L delen av teikninga må skilast ut på eigen teikning og sendast til vedtak.

Godkjenninga gjelder teikningar datert med den datoen som ligger inne i dette notatet. Endringar som oppstår undervegs i prosjektet skal godkjennast av Vestland fylke.

Eventuelle L-teikningar sendes til [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) for behandling og vidaresending til SVV for vedtak. Ynskjer ein å flytta eller setja opp nye offentlege trafikkskilt skal ein søkja om dette til vegeigar før skilt vert flytta eller satt opp.

Skilt kan ikkje settast ut før vedtak er fatta.

Skiltplan skal vise all vegmerking og alle skilt, nye skilt med farge og eksisterande skilt i gråtonar. Eksisterande skilt som går ut visast i gråtonar med kryss over. Det er ikkje naudsynt med nytt skiltvedtak for eksisterande offentlege trafikkskilt og vegmerking dersom alt skal vera slik det var før arbeidet tok til.

### Situasjonsplan og terrengprofilar

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting.

### Teikningar

Det ligg føre målsette planteikningar for alle plan.

### Tilknytting

Tiltaket skal knytast til fylkesveg og kommunal veg i området. Godkjenninga gjelder teikningar datert med den datoen som ligger inne i notatet frå VF. Endringar som oppstår undervegs i prosjektet skal godkjennast av Vestland fylke.

## Visuelle kvalitetar

Tiltaket er prosjektert og skal utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## Konklusjon:

**Det vert godkjent oppføring av fortau som ømsøkt. Gjennomføringsplan og erklæringsdokument vert sendt inn når det er tildelt entreprenør. Då kan arbeide starta.**

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2017 (SAK10) kapittel 10.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon skal sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Ved evt. avvik skal det søkjast om endring av løyve.

Godkjenninga gjelder teikningar datert med den datoen som ligger inne i dette notatet. Endringar som oppstår undervegs i prosjektet skal godkjennast av Vestland fylke.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

**Lykke til med arbeidet og prosessen vidare.**

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Kopi til:**

Alf Kvant  
Stian Marøy

**Mottakere:**

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM